



NVE Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
11/409-7		Arild Ingar Lægreid	97529137	K2 - S05	21.12.2017

Fråsegn frå Årdal kommune til fornya reguleringskonesjon for Fortun-Grandfastavassdraga

Årdal kommune viser til tilsendt søknad for Fortun-Grandfastavassdraga og vil på bakgrunn av våre interesser særleg peike på følgjande:

- Årdal kommune er særleg oppteken av at krafta frå dette anlegget også heretter skal vere underlagt «anvendelsesbegrensning», ved at krafta må brukast til kraftintensiv industriverksemd i Årdal, også kalla lokal binding, jfr Stortingsprop. nr. 38 (1997/98).
- Bindinga må gjelde for både tidlegare og nytt produksjonsvolum og i heile den nye konsesjonsperioden.
- Når det gjeld evt omdisponeringskrav frå Hydro si side, vil Årdal kommune framheva at omdisponeringar av industrien sin krafttilgang utover Stortinget sine opprinnelege føresetnader, framleis må handsamast av dei politiske styresmaktene.
- Årdal kommune føreset difor at det i heile konsesjonsperioden vert stilt krav som gjer at krafta framleis skal nyttast tilsvarende slik det har vore fram til no.

Årdal kommune kan difor tilrå at Hydro Aluminium får fornya reguleringskonesjon i Fortun-Grandfastavassdraga på dei vilkåra som går fram av Stortingsprp. nr. 1 (1995/1996), slik at krafta vert nytta til Hydro sine anlegg i Årdal kommune.

Med helsing

Arild Ingar Lægreid
Ordfører